

Referat av styremøte for Sunnmør Skyttarsamlag



Dato: 07.02.2022

Stad: Aalesund sitt skyttarhus i Olsvika

Møtestart: Klokken 18.00

Desse møtte: Thor Einar Aurdal, Ronny Vedå, Tom Olav Moldskred, Ola Vangen, Erlend Overaa og Ola Kåre Dybvik (var til stede t.o.m. sak 3).

Sak 1/2022 - Ungdomsutvalet i samlaget

Leiar orienterte styret om «ståa» i ungdomsutvalet i samlaget. Ungdomsutvalet har kalla alle ungdomsleiarane inn til eit møte 22.feb for å høyre om korleis interessa til aktivitet er rundt om i skyttarlaga.

Sak 2/2022 - Arbeidsfordeling i styret

Styret fordelte diverse hovudansvar:

Premiering – Ola
Miniatyrcup – Ola Kåre
Dugleiksmærke og org.skyting – Ola
Samlagsstemne – Ola
Terminliste – Ronny
Feltkarusell og feltaktivitet – Tom Olav
Kurs og samlingar – Thor Einar

Eventuelle andre arb.oppgåver fordelast fortløpande.

Sak 3/2022 - Aktivitetsplan for samlaget 2022

Styret diskuterte ein aktuell aktivitetsplan 2022 for samlaget. Her er nokre av aktivitetane styret har satt som mål å gjennomføre:

- Miniatyrcup
- Feltkarusell
- Felles sosial samling på LS
- Pizzakveld for ungdom på LS
- Ungdomssamling
- Treningssamling for senior/veteran m/instruktør
- Felles koordinering på større «happeningar». Til dømes Nasjonal felthelg og Lerumcup, evt. andre ved ynskje.

Sak 4/2022 - Orienteringssaker: Miniatyrcupfinalen, LDKS miniatyr, HV's sommartreff, samlagskonferansen 5.-6. feb

Leiar orienterte styret om aktuelle saker for dette tidsrom.

Sak 5/2022 - Fakturering av utgifter ved ombodsmøte

Det har gått ein liten diskusjon mellom leiar og kasserar på kva som skal fakturerast for utgifter knytt til ombodsmøtet.

Styret diskuterte saken og kom med følgjande vedtak:

Heile utgiftsbeløpet for ombodsmøtet skal fordelast på alle ombod som møte på møtet. Arrangør av ombodsmøtet fakturera samlaget for sine utlegg ved bevertning av møtet, og samlaget fakturera skyttarlaga for sine frammøtte ombod.

Døme: Total utgift for ombodsmøte på 4000kr og 20 frammøtte ombod. $4000\text{kr} / 20 \text{ stk} = 200\text{kr}$ pr. ombod.

Møtet slutt klokken 20.30

referent
Ola Vangen